

- 1 **Krav om rådgjevar inn klasserom**
- 2 Vidaregåande skule skal førebu elevane for tida etter skulen. Alle tilsette ved skulen; lærar,
3 assistenter, rådgjevarar, må jobbe saman for å vise ulike moglegheiter i utdanninga og
4 yrkeslivet.
- 5 Eleven i norsk skule har rett til nødvendig rådgjeving. Det skal vere eit hjelphemiddel for
6 eleven i det sosiale miljøet og for å koma seg ut i lære eller inn på ønska studiar.
7 Rådgjevaren skal hjelpe eleven med å finne interesser og verdiar for auka sjølvinnnsikt og
8 førebyggje feil val av utdanning eller yrke. (Udir.no/Rådgivning)
- 9 I følgje forskrift til opplæringslova §22-3, skal rådgivinga leggjast opp som ein prosess frå 8.-
10 13. årstrinn.
- 11 På ungdomsskula har ein faget utdanningsval, der eleven skal tilegne seg kunnskap om
12 utdanningsmoglegheiter, arbeidsliv og omsetje eigne idear til handling og val. Udir seier at i
13 løpet av ungdomsskula skal eleven ha ca ein skuletime med faget per veke gjennom heile
14 ungdomsskula. Her må ein rådgjevar inn i klasserom for hjelpe og veilede elevane sine, men
15 kvar blir dette av i vidaregåande opplæring?
- 16 Eit studie gjort av NTNU Samfunnsforskning visar at rådgjevarar i vidaregåande generelt
17 ikkje føler at dei får gjort jobben som rådgjevar godt nok. Eleven kan i mange tilfelle miste
18 tid med ein rådgjevar fordi rådgjevaren må prioritere andre ansvarsområde som ikkje
19 inneber rådgjeving.
- 20 På same måten som ungdomsskuleeleven får hjelp med val av vidaregåande skule, treng
21 vidaregåandeeleven veiledning og auka kunnskap om søkingsprosessen frå vidaregåande
22 skule til høgskule.
- 23 **Oppland Senterungdom vil:**
- 24 - Krevja rådgjevarar inn i klasserom for å sikre at rådgjevningsprosessen fortsett på
25 vidaregåande slik som på ungdomsskula.
- 26 - Sikre at rådgjevarar har tilstrekkeleg med tid til å vere fagleg rådgjevar, og er til
27 stades for eleven som treng rådgjevinga.
- 28 - Rådgjevarar på yrkesfagleg utdanning skal gje elevar kunnskap om moglegheitene for
29 vidareutdanning etter fullført fagbrev, t.d. fagskule og ingeniør via Y-vegen

- 30 - Styrke vidaregåandeeleven si forståing for val av fag, fyrstegongsvitnemål,
31 poenggrenser og tilleggsspoeng.
- 32 - Syte for at rådgjevaren har tilstrekkeleg kompetanse om utdanningsmogleheter for
33 å gje tilstrekkeleg rådgjeving
- 34 - At elevar trygt og anonymt kan evaluere rådgjevartenesta på skula si.

35 *Innsendt av Oppland Senterungdom*